



Kompas AS
Fortunen 1
5013 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200810225-2/714/VIBE

Dykkar ref.:
5525/KT

Bergen, 03. oktober 2008

Vevletveit gnr. 6 bnr. 1 - Oppstart av privat planarbeid for massetak - Osterøy kommune

Vi viser til Dykkar brev av 30.08.08. Saka gjeld melding om oppstart av reguleringsarbeid på Vevletveit gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av stein og deponering av lausmassar.

Hordaland fylkeskommune prioriterer samhandling med kommunane i kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging. Oppstartmeldingar som vert sendt hit direkte frå private vil for tida ikkje bli konkret vurdert ut frå andre regionale interesser enn kulturminne.

Vi er generelt skeptiske til planlegging av område i strid med overordna plan. Når det gjeld regionale interesser som kan ha verknad for planlegginga, ber vi om at forslagsstillar nøye vurderer regional arealpolitikk slik den går fram av fylkesplanen og fylkesdelplanar og er formidla på fylkeskommunen sine Internettsider under Kommunesamarbeid/arealpolitikk. Dersom det er motstrid mellom gjeldande arealpolitikk og innhaldet i planen er utbyggjar velkomen til nærare samhandling med fylkeskommunen på eige initiativ. Vi gjer merksam på at vi i samband med høyring av eit planforslag vil leggje vekt på arealpolitikken og dei fylkespolitiske retningslinene og kan eventuelt fremja motsegn på grunnlag av desse.


I det fylgjande vert oppstartmeldinga konkret vurdert ut i frå fylkeskommunen sitt ansvar for kulturminnevernet.


Seksjon for kulturminnevern og museum vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men og steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområde.

Seksjon for kulturminnevern og museum har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Venleg helsing


Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator


Vigdis Berge
arkeolog

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland
Osterøy kommune

Christensen, Kjetil, Seksjon for kommunesamarbeid